

## Referat Hardanger Ungdomsting

### 4.april 2022 Brakans hotel, Ulvik herad



Fyrtst på programmet var : "BLI KJENT"



## TEMA: 1. Utdanning og Bulyst

Innleiing frå Ungdområdet om ulik erfaring av korleis det vert undervist i eller ikkje undervist i utdanningsval.



## **Spørsmålsrunde 1: UTDANNING OG BULYST**

1. Føler de dykk ivaretekne på OD dag/arbeidsveke eller sommarjobb. Sjølve la dei til utdanningsval
  - Det er ønskjer om betre prosessar på å få jobb, og at færre stillingar går via bekjente
  - Det kan vera ugreit at det er press om å ha jobb det, når så mange unge har det.
  - Faget utdanningsval - mange opplever kun teori; at lærarane ikkje opptekne av det; Erfaringar frå desse timane: fekk kun info om vg1; fekk i oppdrag : "sett deg ned å les det du er interresert i"; lærar stjeler timen til andre forefallande oppgåver.
  - Ønskjer at det var tettare samarbeid med næringsliv, opplæringsfaget Taff, lærlingepllassar og høgskule.



### **2. Kva skal til for at DU vil vurdera å flytta tilbake etter utdanning?**

- Det må vera aktivitetar og ting å gjera. Naturen er viktig - og kanskje vikitgast



### **3. Kva kan næringslivet gjera for at du vil flytta tilbake?**

- At det er stort utvalg av arbeidsplassar; rett lønn, variasjon.



### **4. Kva type fritidstilbud skal til for at du flyttar tilbake?**

- Masse aktivitetar som er aktuelle og ein vil ha.

### **5. Kom med eit råd til kommunen og eit råd til næringslivet**

- Det må vera nok arbeidsplassar.
- Skulle ønska seg meir fokus på psykisk helse tidlegare i skulen. Bør ha tiltak før mobbing oppstår, ikkje etterpå
- Meir fritidstilbod for ungdomar og betre kollektivtilbod.



### **FRA SAMTALE MED ORDFØRARANE:** Spørsmål frå salen, svar frå scena

#### **SPM: Kva tankar gjer ordførarane seg når det er så ulik praksis rundt utdanningsval?**

Svar:

- me ønskje at faget vert prioritert og vil diskutera saka vidare med ungdomsrådet.
- her har det vore stort fokus, og gjort godt arbeid på dette faget, men det er klart et ein treng arbeidskraft innan industri og helse. Kommunen har prosjekt som blandt anna set fokus på kva dette faget kan bidra med.
- det overraskande, at det er så ulik oppfatning og gjennomføring av eit så viktig fag. Politikarane vil gjera det dei kan, men det er heilt klart skulen som må ta tak i dette. Og han er heilt overtytt at det er lettare å få tak i ungdom før dei flyttar ut enn etter dei flyttar ut. Og kan me gjera noko, så vil me det. I Hardanger er det alle moglege jobbar, det må me få informasjon om ut til ungdomane, og dette faget er ein god plass.
- dette eit fag ungdom har vore opptekne av i ei stund. Og er tydeleg på at ein bør bli flinkare å informera om moglegheiter som er i deirans kommune også. Og det er heilt klart at at det er enklare å nå ungdomen før dei flyttar ut.

#### **SPM: Kva syns ordføraran at ungdom flyttar ut?**

Svar:

- det er viktig å ta utdanning ute, og så ønskje me at dei kjem heim igjen. Når det gjeld arbeidsplassar så har me veldig mange og variert. Utfordringa er at me ikkje fyllt dei.
- til dei som flytter ut, så oppfordrar han at alle fortel til sine studiekamarater og vene kor flott det er å leva og bu i Hardanger, og det er mange karrieremoglegheiter.
- det kan vera endå betre karrieremuligheter i Hardanger enn i større byar. Det finnst også mulighet til å studera i Hardanger.
- det er fleire muligheter enn ein trur, det må de vita!
- det at ein flyttar vekk gir nye muligheter og bra. Men me må framsnakka oss sjølve, slik at de ser muligheter som er her "heime".
- arbeidslivet kan vera litt annalies med tidlegare stort ansvar i karriera
- kan hende vert arbeidsmiljøet litt mindre, men i dag kan du ha virtuelle kollegaer.

#### **SPM: Om rus og alkoholproblem: Korleis tek de tak i desse store og aukande problema?**

Svar:

- Ordførarane ser at dette no er eit veksande problem også i bygda og på bygdefestar. Me

brukar ressurasar på å forebygge. Dette vil dei gjerne ha kontakt med ungdomsråda, for å finna best mogleg måte å førebyggja på.

Haldningskapande arbeid er veldig viktig, og dette gjer kommunen saman med politi, skule og rusfrie arrangement. 16. mai i Kinsarvik er eit godt døme.

- Kan det å skaffa tilstrekkeleg mange møteplassa, attraktive aktivitetar som ungdom vil ha og konkrete tilbud til ungdom vera viktig og førebyggande? Det er viktig at ein har noko å ta seg til, som er meir interessant enn rusmidlar.
- Klart at me som politikaraa har eit ansvar for å få fram tilbud der alkohol ikkje er tiladtades. Men det er også eit ansvar som foreldre har, og me kan alle vera førebilder.

#### **SPM: Kva er største utfordring for Hardanger kommunane i nær framtid?**

Svar: **Utfordring:** Me har veldig mange arbeidsplassar men manglar bustader.

Oppfordrar alle til å framsnakka Hardanger og moglegheitene her.

#### **Løysing:**

- Framsnakk regionen og legg til rette for at nye kan busetja seg i Hardanger.
- Det har kome endringar med pandemien. ein av dei er korleis ein ser på desentraliserte arbeidsplassar. F. eks kan du jobba i Oslo men bu i Ulvik.
- Skapa mulighet for samhandling internt i kommunen vår. Internt gode og forutsigbare vegar, då kan ein bu kor ein vil og jobba i heile Hardanger
- Fleire bustader av ulikt format må til. Alle kommunane kjenner på dei same utfordringane, det er for få husvære tilgjengeleg i regionen.

#### **SPM: Kva syns ordførarane om fiskeoppdrett i Hardangerfjorden:**

Svar:

- Ullensvang er positive til oppdrett. Arealplanen tek opp dette, og har skapt mykje debatt for og imot. Må no definera områder for oppdrett og kor langt inn i fjorden dei skal koma.
- Ulvik herad er 100% imot, men ser på det berekraftige lukka annlegget som kjem i Bruravik som godkjent.
- Kvam har mykje oppdrett og er positive til fiskeoppdrett. Men industrien må skjerpa seg, og dei må gå framover. Me må vekk frå tradisjonellt oppdrett, då vil det fungera.
- Hardanger fjellfisk er oppdrett på land og akseptert, men ellers er Eidfjord veldig skeptiske til annlegg i sjø. Dvs dei er også opne for annlegg på land.  
I Eidfjord ser ein tydeleg resultat, og elvane er eit sterkt vitnesbyrd om kvifor.

#### **SPM: Kva vil kommunane gjera for å skapa spennande arbeidsplassar til ungdom under 18 år.**

Svar:

- Ulvik har jobbar og vil fortsetja med det.
- Ullensvang seier dette er eit veldig godt spørsmål, og vil sjekka det ut. Sjå om ein bør styrka dette for ungdom under 18.
- Har ikkje oversikt i Kvam, men tek det med seg. I ein del bedrifter tek dei inn unge som kan sjå å lære. Mange vil tilbake til yrkesrettning, kan slik visa kva moglegheiter ein har.
- Når det gjeld ungdom under 18 år, er mykje lovregulert, og det begrensar kva unge under 18 år kan gjera.
- MEN det kan ha stor betydning å investera i ungdom før dei er 18, for å visa endå meir kva ein har som moglegheiter.

F. eks var ein elev utplassert på oppmåling og fekk vera med på ekte synfaring og sjå korleis det vert gjort. Det kan du ikkje “jobbe med”, men å få vera med kan gi viktig lærdom. Dette vil dei ta med seg og sjå på.

## TEMA 2: Rein Hardangerfjord



**Inspirasjon om Rein Hardangerfjord frå Lennart Fjell og Kenneth Bruvik (digitalt)**  
**Dei har med seg nokre oppgåver og utfordringar til ungdområda:**

1. **Utfordring:** I forbindelse med rundebordsamtale 14.09.2022 med tittel:  
*Kva har me som mål for nordsjøbassenget?*  
Her har dei lyst og ha med 1-2 personar frå ungdomsrådet.
2. **Utfordring :** ønsker å få på plass ein type ”fjorden ung” - men det skal vera eit ungdomsararamnement til inspirasjon for og med ungdomen.
3. **Utfordring:** Kva ville de sei om de fekk midlar til ein årleg miljørpris for unge som gjer noko med rydding i Hardanger
4. **Utfordring:** å vera med å rydda på ryddedagen 15.09.2022



Inspirasjon frå Sotra VGS:

## **Spørsmålsrunde 2 : REIN HARDANGERFJORD**

### **1. Korleis vil de involvera ungdom på din skule?**

- ★ Viktig å gjera det i skuletida,
- ★ For å motivera er det forslag om videoar, føredrag, inforamsjonsplakatar, MEN må ikkje vera for langdrygt eller skremmande. Bør heller vera engasjerande og inspirerande!
- ★ Viktig å gjera oss ungdom og alle bevisste på eige forbruk gjennomhelie året, og læra det tidleg i livet.
- ★ Bruka sosiale medier, med f.eks konkurransar og belønning for å engajsera

### **2. Vil me verkeleg ha all plasten? Kva skal til for å verta engasjert?**

- ★ Nei, og kvifor er det veldig mykje unødvendig plastembalasje?
- ★ For å engasjera er premie og konkurransar lurt!

### **3. Kunne ungdomsråda saman danna ei prosjektgruppe som hjalp til med programmet for Fjorden Ung den 14. september?**

- ★ JA det vil mange! Lurt å møtast på teams. Treng berre møtast 1 eller 2 gonger.

### **4. Om de hadde fått delt ut ein miljøpris til unge i fjorden, korleis ville organisert det?**

- ★ Ja det vil mange!
- ★ Dei vil dela ut pengar.
- ★ Kan vera på ein konsert; eller ei prisutdeling; eller møte med heile kommunen.

### **5. Kva vil du bidra med for å få ein rein Hardangerfjord?**

- ★ Rydda plast, resirkulera og panta.
- ★ Burde vore faste bossplukkingsdagar eller timer på skulen.
- ★ Kunne ein rydda plast istaden for å få anmerkning?
- ★ Delta på plastaksjonen, og det kunne godt vere fleire dagar.
- ★ Plukk boss medan du er ute på tur.